Databehandlaravtale

Er inngått mellom:

<Skriv namn på verksemd og organisasjonsnummer>
(frå no av kalla Databehandlar)

og

<Skriv namn på verksemd og organisasjonsnummer>
(frå no av kalla Behandlingsansvarleg)

Kommentert [A1]: Kommunedirektør eller kommunalsjef

i fellesskap kalla Partane.

Stad og dato:

_____

Avtalen er signert elektronisk i [set inn namn på konkurransegjennomførings- eller kontraktsoppfølgingsverktøy]

Avtalepartar

[Namn på den som signerer på vegner av Behandlingsansvarleg]
[Namn på den som signerer på vegner av Databehandlar]

Eller: For Behandlingsansvarleg	For Databehandlar
<Namn på den som signerer på vegner av Behandlingsansvarleg> _____ Underskrift	<Namn på den som signerer på vegner av Databehandlar> _____ Underskrift

Avtalen skal underteiknast i to eksemplar, eitt til kvar part.

INNHALDSLISTE:

1 Føremålet med denne Databehandlaravtalen 3
2 Definisjonar 3
3 Behandlingsansvarlege sine plikter og rettar 4
4 Behandlingsansvarlege sine instruksar til Databehandlaren 4
5 Konfidensialitet og teieplikt 5
6 Bistand til Behandlingsansvarleg 5
7 Tryggleik ved behandlinga 6
8 Melding om brot på personopplysningstryggleiken 6
9 Bruk av Underdatabehandlar 7
10 Overføring av personopplysningar til land utanfor EØS-området 8
11 Generelt om revisjon 9
12 Sletting og tilbakelevering av opplysningar 9
13 Misleghald og pålegg om stans 10
14 Varigheit og opphøyr 10
15 Lovval og verneting 10

1 Føremålet med denne Databehandlaravtalen

1.1 Denne avtalen («Databehandlaravtalen») fastset rettane og pliktene partane har når Databehandlaren behandlar personopplysningar på vegner av den Behandlingsansvarlege som del av leveransane under Hovudavtalen. Databehandlaravtalen har som føremål å sikre at partane etterlever Gjeldande personvernreglar.

Databehandlaravtalen består av dette dokumentet, og av Bilag A, B, C, og D.

1.2 Ved motstrid mellom Hovudavtalen og Databehandlaravtalen, har Databehandlaravtalen førerang når det gjeld tilhøve spesifikt knytte til behandling av personopplysningar. Ved motstrid mellom Databehandlaravtalen og bilaga til avtalen, har bilaga førerang.

1.3 **Bilag A** i Databehandlaravtalen inneheld nærare skildring av behandlinga som skal utførast, medrekna om behandlingsføremål, kategoriar av personopplysningar og registrerte, reglar for sletting og tilbakelevering, kontaktpersonar hos partane, og i tillegg kva for ein eller nokre underliggjande avtalar behandlinga av personopplysningar er knytt til (sjå definisjonen av Hovudavtalen nedanfor).

1.4 **Bilag B** i Databehandlaravtalen inneheld vilkår for bruk av Underdatabehandlarar, attåt ei oversikt over godkjende Underdatabehandlarar.

1.5 **Bilag C** i Databehandlaravtalen inneheld spesifikke instruksar for behandling av personopplysningar under Hovudavtalen, medrekna tryggingstiltak og Behandlingsansvarlege sin rett til innsyn og revisjon av Databehandlar og eventuelle Underdatabehandlarar, og dessutan sektorspesifikke føresegner om behandling av personopplysningar.

1.6 **Bilag D** i Databehandlaravtalen inneheld endringar til standardteksten og eventuelle seinare avtalte endringar i Databehandlaravtalen.

2 Definisjonar

Gjeldande personvernreglar: Den til kvar tid gjeldande versjonen av EUs personvernforordning (2016/679) («personvernforordninga»), og lov om behandling av personopplysninger av 15.06. 2018 (personopplysningslova) med tilhøyrande forskrifter mv., og eventuell anna relevant lovgjeving som gjeld behandling og vern av personopplysningar og som er lista opp i Bilag C, punkt C.7.

Hovudavtalen: Ein eller fleire avtalar mellom Behandlingsansvarleg og Databehandlar om levering av tenester som inneber behandling av personopplysningar, som nærare oppført i Bilag A. Databehandlaravtalen kan gjelde fleire underliggjande avtalar.

Underdatabehandlar: Anna verksemd som Databehandlar nyttar som underleverandør til behandling av personopplysningar under Hovudavtalen.

For personvernomgrep som ikkje er definerte i denne Databehandlaravtalen, gjeld definisjonane i personvernforordninga artikkel 4.

3 Behandlingsansvarlege sine plikter og rettar

Behandlingsansvarleg har ansvaret for at behandlinga av personopplysningar skjer i samsvar med Gjeldande personvernreglar. Behandlingsansvarlege skal i den samanhengen særskilt syte for at:

i. behandlinga av personopplysningar er føremålsbestemt og basert på eit gyldig rettsgrunnlag;

ii. dei registrerte har fått nødvendig informasjon om behandlinga av personopplysningane;

iii. Behandlingsansvarleg har gjennomført tilstrekkelege risikovurderingar; og

iv. Databehandlar til kvar tid har tilstrekkelege instruksar og informasjon for å oppfylle pliktene sine i samsvar med Databehandlaravtalen og Gjeldande personvernreglar.

4 Behandlingsansvarlege sine instruksar til Databehandlaren

4.1 Databehandlaren skal behandle personopplysningane i samsvar med Gjeldande personvernreglar og dei dokumenterte instruksane frå den Behandlingsansvarlege, jf. punkt 4.2. Dersom anna behandling er nødvendig for å oppfylle forpliktingar som Databehandlar er underlagd i samsvar med gjeldande rett, skal Databehandlaren informere den Behandlingsansvarlege om dette så langt dette er tillate ved lov, jf. personvernforordninga artikkel 28 (3) (a).

4.2 Behandlingsansvarlege sine instruksar går fram av Hovudavtalen og Databehandlaravtalen med bilag. Databehandlar skal omgåande informere den Behandlingsansvarlege, dersom vedkomande meiner at instruksane er i strid med Gjeldande personvernreglar, jf. personvernforordninga artikkel 28 (3) (h).

4.3 Eventuelle endringar i instruksar skal varslast til Databehandlar gjennom oppdatering av Bilag D, og skal implementerast av Databehandlar innan det tidspunktet Partane avtaler eller, om ingen konkret frist er avtalt, innan rimeleg tid. Databehandlar kan krevje at Behandlingsansvarleg dekkjer dokumenterte kostnader som oppstår i samband med implementeringa av slike endringar eller rett avpassa justering av vederlaget under Hovudavtalen dersom den endra instruksen inneber løpande ekstra kostnader for

Databehandlaren. Det same gjeld meirkostnader som følgje av endring av Gjeldande personvernreglar som gjeld verksemda til den Behandlingsansvarlege.

5 Konfidensialitet og teieplikt

5.1 Databehandlaren skal sikre at tilsette og andre som har tilgang til personopplysningar, er autoriserte til å behandle slike personopplysningar på vegner av Databehandlar. Dersom slik autorisasjon går ut eller blir trekt tilbake, skal tilgangen til personopplysningane opphøyre utan ugrunna opphald.

5.2 Databehandlaren skal berre autorisere personar som treng tilgang til personopplysningane i samband med arbeid for å kunne oppfylle Hovudavtalen, Databehandlaravtalen og eventuelt anna behandling som er nødvendig for å oppfylle forpliktingar som Databehandlar er underlagd i samsvar med gjeldande rett, sjå punkt 4.1 siste setning.

5.3 Databehandlaren skal sikre at personar som er autoriserte til å behandle personopplysningar på vegner av den Behandlingsansvarlege, er underlagd teieplikt gjennom avtale eller lov. Teieplikta skal stå ved lag også etter avtalen og/eller tilsetjingstilhøvet opphøyrer.

5.4 Databehandlaren skal kunne dokumentere at dei relevante personane er underlagde ovannemnde teieplikt på førespurnad frå den Behandlingsansvarlege.

5.5 Ved opphøyr av Databehandlaravtalen pliktar Databehandlaren å avvikle alle tilgangar til personopplysningar som blir behandla under avtalen.

6 Bistand til Behandlingsansvarleg

6.1 Databehandlaren skal på førespurnad hjelpe Behandlingsansvarleg med å oppfylle rettane dei registrerte har etter personvernforordninga kapittel III, gjennom eigna tekniske eller organisatoriske tiltak. Plikta til å hjelpe gjeld likevel berre i den utstrekning dette er mogleg og føremålstenleg ut frå karakteren og omfanget av behandlinga av personopplysningar under Hovudavtalen.

6.2 Databehandlar skal utan ugrunna opphald sende vidare alle førespurnader som Databehandlar eventuelt får frå den registrerte som gjeld rettane den registrerte har i samsvar med Gjeldande personvernreglar til Behandlingsansvarleg. Slike førespurnader kan Databehandlar berre svare på når dette er skriftleg godkjent av Behandlingsansvarleg.

6.3 Databehandlaren skal hjelpe den Behandlingsansvarlege med å følgje krava til personopplysningstryggleik i personvernforordninga artikkel 32-36, medrekna yte bistand ved personvernkonsekvensvurdering og førehandsdrøftingar med Datatilsynet, ut frå karakteren og omfanget av behandlinga av personopplysningar under Hovudavtalen.

6.4 Dersom Databehandlar på førespurnad frå Behandlingsansvarleg yter bistand som nemnt i punkt 6.1 eller 6.3, og bistanden går ut over det som er nødvendig for at Databehandlaren skal oppfylle sine eigne forpliktingar etter Gjeldande personvernreglar, kan Databehandlar krevje dekt dei dokumenterte kostnadene sine knytte til bistanden. Arbeid blir dekt i samsvar med prisvilkåra i Hovudavtalen.

7 Tryggleik ved behandlinga

7.1 Databehandlar skal setje i verk eigna tekniske og organisatoriske tiltak for å oppnå eit tilfredsstillande tryggleiksnivå ut frå karakteren og omfanget av behandlinga, den tekniske utviklinga, implementeringskostnader og aktuelle risikoar for rettane og fridomane til fysiske personar. Databehandlaren skal som minimum setje i verk dei tiltaka som er spesifiserte i Bilag C i Databehandlaravtalen.

7.2 Databehandlaren skal utføre risikovurderingar for å sikre at eit eigna tryggleiksnivå blir halde ved lag til kvar tid. Databehandlaren skal irekna dette syte for jamleg testing, analyse og vurdering av tryggingstiltaka, særleg med omsyn til å sikre vedvarande konfidensialitet, integritet, tilgjenge og robustheit i behandlingssystem og -tenester, attåt evne til raskt å gjenopprette tilgangen til personopplysningane ved hendingar.

7.3 Databehandlar skal dokumentere risikovurderinga og tryggingstiltaka, og gjere dei tilgjengelege for Behandlingsansvarlege på førespurnad, i tillegg til å gje tilgang til slik revisjon som er avtalt mellom partane, jf. punkt 11 i Databehandlaravtalen.

8 Melding om brot på personopplysningstryggleiken

8.1 Databehandlar skal utan ugrunna opphald skriftleg informere den Behandlingsansvarlege om eventuelle brot på personopplysningstryggleiken, og elles gje slik bistand og informasjon som er nødvendig for at den Behandlingsansvarlege skal kunne melde brotet til tilsynsorgan i tråd med Gjeldande personvernregelverk.

8.2 Informasjon etter punkt 8.1 skal gjevast kontaktpunktet for Behandlingsansvarleg i samsvar med Bilag C punkt C.9, og skal:

a. skildre arten av brotet på personopplysningstryggleiken, medrekna, når det er mogleg, kategoriane av og omtrentleg tal på registrerte som er råka, og kategoriane av og omtrentleg tal på registreringar av personopplysningar som er råka,
b. innehalde namnet på og faktaopplysningane til personvernombodet eller eit anna kontaktpunkt der meir informasjon kan hentast inn,
c. skildre dei sannsynlege konsekvensane av brotet på personopplysningstryggleiken, og
d. skildre dei tiltaka som Databehandlaren har utført eller føreslår å utføre for å handtere brotet på personopplysningstryggleiken, medrekna, dersom det er relevant, tiltak for å redusere eventuelle skadeverknader som følgje av brotet.

Informasjonen kan i den grad det det er nødvendig, gjevast trinnvis utan ytterlegare ugrunna opphald.

8.3 Databehandlar pliktar å gjennomføre alle dei tiltaka som er rimelege å krevje for å utbetre og unngå tilsvarande brot på personopplysningstryggleiken. Databehandlar skal, så langt det er mogleg, rådføre seg med Behandlingsansvarleg om dei tiltaka som skal gjennomførast, medrekna å vurdere Behandlingsansvarlege sine eventuelle forslag til tiltak.

8.4 Behandlingsansvarleg er ansvarleg for å informere Datatilsynet og dei råka registrerte om brot på personopplysningstryggleiken. Databehandlar skal ikkje informere tredjepartar om brot på personopplysningstryggleiken, med mindre noko anna er påkravd etter gjeldande rett eller det følgjer av uttrykkjeleg skriftleg instruks frå Behandlingsansvarleg.

9 Bruk av Underdatabehandlar

9.1 Databehandlar kan berre nytte Underdatabehandlar etter føregåande generelt eller spesifikt skriftleg løyve frå Behandlingsansvarleg i samsvar med Bilag B i Databehandlaravtalen. Oversikt over godkjende Underdatabehandlarar går fram av Bilag B i Databehandlaravtalen.

9.2 Dersom ein Databehandlar engasjerer ein Underdatabehandlar for å utføre spesifikke behandlingsaktivitetar på vegner av den Behandlingsansvarlege, pliktar Databehandlar å inngå skriftleg avtale med Underdatabehandlaren som pålegg denne tilsvarande forpliktingar med omsyn til vern av personopplysningar som Databehandlaren sjølv er underlagd etter denne Databehandlaravtalen. Sjå punkt 9.7 med omsyn til bruk av standard tredjepartstenester.

9.3 Databehandlar skal berre engasjere Underdatabehandlarar som gjennomfører eigna tekniske og organisatoriske tiltak som sikrar at behandlinga oppfyller krava etter Gjeldande personvernreglar. Databehandlar skal gjennomføre kontrollar av Underdatabehandlarar for å verifisere at tilfredsstillande tiltak er sette i verk. Databehandlar skal kunne leggje fram rapportar frå slike kontrollar for Behandlingsansvarleg på førespurnad.

9.4 Dersom Behandlingsansvarleg motset seg endringar i bruken av Underdatabehandlarar etter Bilag B punkt B.1 i Databehandlaravtalen, skal Partane i god tru forhandle med sikte på å einast om ei rimeleg løysing på korleis vidare levering av tenestene under Hovudavtalen skal gjennomførast, medrekna om fordeling av eventuelle kostnader mellom Partane. Endringa i bruk av Underdatabehandlarar kan ikkje gjennomførast før Partane har vorte samde.

9.5 Dersom Underdatabehandlaren ikkje oppfyller forpliktingane sine med omsyn til vern av personopplysningar, skal Databehandlaren overfor den Behandlingsansvarlege ha fullt ansvar på same måte som om Databehandlar sjølv stod for behandlinga.

9.6 Databehandlar pliktar å leggje fram avtalar med Underdatabehandlarar for Behandlingsansvarleg på førespurnad. Dette gjeld likevel berre dei delane av avtalen som er relevant for behandlinga av personopplysningane, og med dei avgrensingane som eventuelt måtte følgje av lov eller forskrift. Reint kommersielle vilkår kan uansett ikkje krevjast lagt fram.

9.7 I den utstrekning Databehandlaren nyttar underleverandør som leverer standardiserte tredjepartstenester som Behandlingsansvarleg uttrykkeleg har akseptert at blir leverte på standardvilkåra underleverandøren har i samsvar med Hovudavtalen, og som Databehandlaren følgjer opp på vegner av Behandlingsansvarleg, kan partane bli samde om at standard databehandlaravtale frå underleverandøren blir lagd til grunn og gjord gjeldande direkte overfor Behandlingsansvarleg som eit direkte databehandlartilhøve (altså ikkje som Underdatabehandlar) føresett at han oppfyller krava i Gjeldande personvernreglar. Databehandlaren skal følgje opp databehandlaravtalen med underleverandøren på vegner av Behandlingsansvarleg med mindre anna er avtalt i det enkelte tilfellet.

10 Overføring av personopplysningar til land utanfor EØS-området

10.1 Personopplysningar kan berre overførast til eit land utanfor EØS-området ('Tredjestat') eller til internasjonal organisasjon dersom Behandlingsansvarleg skriftleg har godkjent slik overføring og vilkåra i punkt 10.3 er oppfylte. Som overføring reknar ein blant anna å:

a) behandle personopplysningane i datasenter o.l. som er lokaliserte i Tredjestat eller av personell som er lokalisert i Tredjestat (ved fjerntilgang);
b) overlate behandlinga av personopplysningar til Underdatabehandlar i Tredjestat; eller
c) utlevere personopplysningane til ein Behandlingsansvarleg i Tredjestat eller i ein internasjonal organisasjon.

10.2 Databehandlar kan likevel overføre personopplysningar dersom det blir kravd i samsvar med gjeldande rett i EØS-området. I slike tilfelle skal Databehandlar informere Behandlingsansvarleg så langt dette er tillate ved lov.

10.3 Overføring til Tredjestatar eller internasjonale organisasjonar kan berre skje dersom det ligg føre nødvendige garantiar for eit tilstrekkeleg beskyttelsesnivå for personvern i samsvar med Gjeldande personvernreglar. Med mindre anna er avtalt mellom Partane, kan slik overføring berre skje med grunnlag i:

a) ei av avgjerdene frå EU-kommisjonen om tilstrekkeleg beskyttelsesnivå i samsvar med personvernforordninga artikkel 45; eller
b) ein Databehandlaravtale som inkorporerer standard personvernføresegner som streka opp i personvernforordninga artikkel 46 (2) (c) eller (d) (EU Model clauses); eller
c) bindande verksemdsreglar (Binding Corporate Rules) i samsvar med personvernforordninga artikkel 47.

10.4 Den eventuelle godkjenninga frå Behandlingsansvarleg av at personopplysningar blir overførte til ein Tredjestat eller internasjonal organisasjon skal gå fram av Bilag B i Databehandlaravtalen.

11 Generelt om revisjon

11.1 Databehandlar skal på førespurnad gjere tilgjengeleg for den Behandlingsansvarlege, all informasjon som er nødvendig for å påvise at forpliktingane fastsette i personvernforordninga artikkel 28 og denne Databehandlaravtalen, er oppfylte.

11.2 Databehandlar skal gjere mogleg og bidra ved inspeksjonar og revisjonar som blir gjennomførte av eller på oppdrag frå Behandlingsansvarleg. Databehandlar skal også gjere mogleg og bidra ved inspeksjonar frå aktuelle tilsynsorgan. Tilsyn frå den Behandlingsansvarlege med eventuelle Underdatabehandlarar skal skje gjennom Databehandlaren med mindre anna er særskilt avtalt. Nærare rutinar for gjennomføring av revisjonar går fram av Bilag C punkt C.5.

11.3 Dersom ein revisjon avdekkjer avvik frå forpliktingane i Gjeldande personvernreglar eller Databehandlaravtalen, skal Databehandlar så snart som råd utbetre avviket. Behandlingsansvarleg kan krevje at Databehandlaren mellombels stoppar heile eller delar av behandlingsaktivitetane fram til utbetringa er godkjend av Behandlingsansvarleg.

11.4 Kvar av Partane dekkjer sine eigne kostnader i samband med ein årleg revisjon. Dersom ein revisjon avdekkjer vesentlege brot på forpliktingane etter Gjeldande personvernreglar eller Databehandlaravtalen, skal Databehandlaren likevel dekkje dei rimelige kostnadene Behandlingsansvarleg har, i samband med revisjonen.

12 Sletting og tilbakelevering av opplysningar

12.1 Ved opphøyr av denne Databehandlaravtalen pliktar Databehandlar å levere tilbake og slette alle personopplysningar som blir behandla på vegner av Behandlingsansvarleg under Databehandlaravtalen i samsvar med føresegnene i Bilag C punkt C.6. Dette gjeld også eventuelle tryggingskopiar.

12.2 Behandlingsansvarleg avgjer korleis ei eventuell tilbakelevering av personopplysningar skal skje. Behandlingsansvarleg kan krevje at tilbakelevering skjer på eit strukturert og alminneleg brukt maskinlesbart format. Behandlingsansvarleg skal dekkje dei dokumenterte kostnadene Databehandlaren har til tilbakelevering, med mindre dette er inkludert i vederlaget under Hovudavtalen.

12.3 Dersom det blir brukt delt infrastruktur eller backup der direkte sletting ikkje er teknisk mogleg, skal Databehandlar syte for at personopplysningane blir gjorde utilgjengelege inntil dei er skrivne over.

12.4 Databehandlar skal stadfeste skriftleg overfor Behandlingsansvarleg at sletting eller utilgjengeleggjering er utført og skal på førespurnad dokumentere korleis det er gjennomført.

12.5 Nærare føresegner om sletting og tilbakeleveringar går fram av Bilag C.

13 Misleghald og pålegg om stans

13.1 Ved brot på Databehandlaravtalen og/eller Gjeldande personvernreglar, kan Behandlingsansvarleg og aktuelle tilsynsorgan påleggje Databehandlar å stoppe heile eller delar av behandlinga av opplysningane med omgåande verknad.

13.2 Dersom Databehandlar ikkje overheld pliktene sine i samsvar med denne Databehandlaravtalen og/eller Gjeldande personvernreglar, vil dette reknast som misleghald av Hovudavtalen, og dei plikter, fristar, sanksjonar og ansvarsavgrensingar som følgjer av Hovudavtalen si regulering av misleghald frå Leverandøren, skal brukast, med mindre anna er uttrykkjeleg avtalt mellom partane i Bilag D.

14 Varigheit og opphøyr

14.1 Databehandlaravtalen gjeld frå han er signert av begge Partar. Databehandlaravtalen gjeld så lenge Databehandlar behandlar personopplysningar på vegner av Behandlingsansvarleg. Han gjeld også for eventuelle personopplysningar som måtte finnast hos Databehandlar eller nokon av Underdatabehandlarane denne har, etter opphøyr av Hovudavtalen.

14.2 Reglane om oppseiing i Hovudavtalen gjeld tilsvarande for Databehandlaravtalen, så langt det passar. Databehandlaravtalen kan ikkje seiast opp så lenge Hovudavtalen består med mindre han blir avløyst av ein ny databehandlaravtale.

15 Lovval og verneting

Avtalen er underlagd norsk rett. Tvistar blir løyste i samsvar med føresegnene i Hovudavtalen, medrekna eventuelle føresegner om verneting.

***